



Monica Østereng
Postboks 46
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/1313 - 18/19430

Saksbehandlar:
Kristin Moe
kristin.moe@meland.kommune.no

Dato:
14.09.2018

Tilknytning av bygningen til kommunal vassleidning - GBNR 52/17 - Førehandsvarsel om ilegging av tvangsmulkt

Saka gjeld:

Du har ikkje føljt pålegget av 04.12.2017 frå Meland kommune om å knyte bygningen på eigedommen din til kommunal vassleidning innan 01.06.2018.

Grunngjeving for førehandsvarsel om ilegging av tvangsmulkt:

Meland kommune har tidlegare sendt deg vedtak om pålegg av 04.12.2017 med følgjande innhald:

«Meland kommune gjev gbnr. 52/17 pålegg om tilkopling til det kommunale vassanlegget, jf. plan- og bygningslova § 27-1. Tilkopling må skje innan 1.6.2018. For grunngjeving og vurdering sjå ovanfor.»

Vi kan ikkje sjå å ha teke mot ferdigattest som syner at vassanlegget er vorte knytt til den kommunale leidningen.

Med bakgrunn i nemnte forhold, varslar kommunen om at det vil bli vurdert å ilegga dykk tvangsmulkt viss eigedommen ikkje vert knytt til det kommunale vassanlegget slik som pålegg datert 04.12.2017 angjev, jf. plan- og bygningslova § 32-5.

Førehandsvarsel om ilegging av tvangsmulkt:

Du blir hermed varsla om at kommunen vurderer å gje deg tvangsmulkt dersom du ikkje følgjer pålegget innan **30.04.2019**, jf. plan- og bygningslova § 32-5.

Tvangsmulkt blir fasett som eit eingongsbeløp, ei dagmulkt eller ein kombinasjon av dei. Eingongsbeløpet vil normalt vere om lag kr. 5000,-, medan dagmulkt vil vere på kr. 100,-.

Tvangsmulkt vil i så fall bli gitt i eige vedtak (brev) når tidsfristen er ute.

Andre opplysningar:

Postadresse
postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt
www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Eit eventuelt pålegg som ikkje blir følgt innan fristen, vil kunne medføre førelegg som kan få same verknaden som ein rettskraftig dom og medføre at kommunen syter for at bygningen blir knytt til dei kommunale leidningane for di rekning, jf. plan- og bygningslova § 32-6. Du blir hermed varsla om at kommunen vil vurdere å gje eit førelegg om plikt til å følgje pålegget.

Dine rettar:

Du har rett til å gje uttale før det blir fatta vedtak om ilegging av tvangsmulkt. Det vert gjeve ein frist på **3 veker** frå mottak av dette brevet til å svare på førehandsvarselet. Meland kommune oppmodar dykk om å nytte uttaleretten.

Vi svarar gjerne på spørsmål på telefon 56171000 eller du kan sende e-post til postmottak@meland.kommune.no.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 17/1313

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Kristin Moe
juridisk rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Monica Østereng

Postboks 46

5918

FREKHAUG